



## Velkomen til den 33. Romjulscupen - 2024



Fredag 27. desember - søndag 29. desember inviterer Bulken igjen til romjulscup i Voss Idrettshall. Me har i år arrangert cupen i 33 år!

Romjulscup i innandørsfotball har følgjande klassar:

- A/B Herrar - senior og juniorfotball
- C Damer - senior og juniorfotball
- D Herrar mosjon
- E Damer mosjon
- F Gutar fødd 2009/2010
- G Jenter fødd 2009/2010
- H Smågutar fødd 2011/2012
- I Småjenter fødd 2011/2012

**Lag som har spelarar som har spele divisjonsfotball i 2024 må melda seg på i A/B og C-klassen.**

Etter innleiande kampar i A/B-klassen går 8 lag til A sluttspel og 8 lag til B sluttspel (med atterhald om nok påmld).

Bedriftsidrettslag, venegjengar og andre vert invitert til å melde seg på i klassane herrar og damer mosjon. Laga må sjølve ved påmelding markera kva klasse ein ynskjer å delta i. Arrangøren tek likevel atterhald om å kunna gjera endeleg rangering av laga.

I klassane F, G, H og I, ope Vossameisterskap i innandørsfotball, kan kvar klubb kan melde på så mange lag dei vil i kvar klasse.

### **Speleprogram**

Med atterhald om påmelding, tek vi sikte på at kvart einskild lag skal få minst 3 kampar. Vossameisterskapen (klassane F, G, H og I) vert avvikla 3. joledag. Mosjonsklassane og klasse C vert avvikla 4. joledag. Dersom stor påmelding i A/B-klassen vert det innleiande kampar 4. joladag. Speleprogrammet vert annonsert på [www.bulkenil.no](http://www.bulkenil.no) i god tid før jol. Ver difor nøye med å halde fristen (**8des**).

### **Påmeldingsavgift**

Betalast til Bulken IL sin konto. Påmeldingsavgifta må vere betalt før første kamp.  
A, B, C, D, E: kr 2000, - per lag  
F, G, H, I: kr 1200, - per lag

### **Speletid**

Klasse A, B, C, D og E: 1 x 18 min utan pause.

Klasse F, G, H, I: 1 x 13 min utan pause.

Spelarar pr. lag

Klassane A, B, C, D og E: Keeper + 4 utespelarar.

Klassane F, G, H, I: Keeper + 4 utespelarar

Det er lov å nytta så mange innbytarar ein vil i kvar kamp. Flygande innbyte.

### **Reglar**

Dommarar vil bli sett opp av arrangør. Turneringa vil bli spelt i samsvar med Norges Fotballforbunds reglar for innandørsfotball. Det blir nedsett ein jury samansett av turneringsleiar + 2 frå andre lag.

### **Puljer**

Laga vil i størst mogeleg utstrekning verta fordelt på puljer à 4 lag som spelar enkel serie. Dei to beste laga vil gå til sluttspellet som vil verta spela som cup.

### **Utstyr**

Arrangøren held ballar. Når det gjeld drakter ber vi om at kvart lag syter for å ta med to draktsett i ulike fargar. NB! Berre joggesko med lys såle kan nyttast i hallen. Spelarar med vanlege fotballsko eller sko med mørk såle vil såleis ikkje få høve til å spela. Spelarar utan leggskinns får ikkje spela.

### **Premiering**

Premiering til vinnar av kvar klasse. Beste keeper, beste spelar og toppscorar i klassane A, B og C. Beste spelar og toppscorar i klassane D, E, F, G, H og I.

### **Påmelding**

**Påmelding innan 8.desember. Lag som ikkje har betalt får ikkje spela. Opplysningar om turneringa, påmelding etc. får du av turneringsleiar Frode Tufte på 91118110**

Velkomen til Romjuls cup!

Med helsing Bulken IL - Fotball

